

Tomt for tørr ved i AFA

05.01.2010



**Det kalde veret krev sitt av vedforsyninga og AFA i Uskedalen har ikkje meir tørr ved att.  
Den gjekk dei tom for allereie før jul, opplyser Ove Sæbø til Grenda.**

Måndag var det til dømes stor pågang, men dei måtte altså gje skuffande tilbakemeldingar.

Den einaste veden dei no har ved AFA er den som er tiltenkt neste sesong.  
Den kan folk få kjøpa sjølv om den er for rå til å seljast som tørr ved.

Det er mogeleg å tørka den innandørs nokre dagar.

Og den kan kanskje bli tørr nok til ein eventuell kuldeperiode til våren.

Det luraste er å vera tidleg ute med å skaffa seg ved, påpeikar Sæbø. Den veden han er fotografert saman med over er ikkje tørr.

(Foto: Ola Matti Mathisen)